

Kommunes saksnr.: 17/3155 **Vår ref.:** 170420 **Dato:** 3. des. 2018

**Varsel om oppstart av planarbeid –
Detaljregulering for Røttingen – Hauge, 29/8.**

**I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 varslast det om oppstart av
detaljregulering for Røttingen – Hauge, gnr. 29 bnr. 8, Os kommune.**

Forslagsstillar er Aimar Kjærgård. Utførande konsulent for planarbeidet er Og Arkitekter AS.

Planområdet ligg på Røttingen i Søre Øyane i Os kommune. Det er lagt med eit oversiktskart som viser planområdet i større samanheng, eit kart som viser plangrense for planområdet (eksisterande reguleringsplan), samt eit kartutsnitt frå gjeldande arealdel av kommuneplanen.

Planområdet er på om lag 25,8 daa. Området er i gjeldande kommuneplan sett av til bustad og grøntstruktur. Området er i dag regulert til jord- og skogbruk i reguleringsplanen Sundøyhagen – Jonsokhaugen frå 1992. Avgrensninga av planområdet går fram av vedlagte kart. Plangrensa er sett i samarbeid med Os kommune, og inkluderer i tillegg til utbyggingsområdet, arealet som i kommuneplanen er sett av til friområde.

Formålet med reguleringsplanen er å legge til rette for bustader og grøntstruktur. Bustadområda vil liggje innanfor områda som er sett av til dette i kommunenplanen. Planprosessen vil gjere greie for tilkomst og internveger i området.

Referat frå oppstartsmøte med Os kommune, og fleire opplysningar finst på nettsida til Og Arkitekter AS: www.ogarkitekter.no/kunngjoringer/

Vi inviterer til medverknad i den komande planprosessen. Det vil verte vurdert behov for særskilt møte med naboane til planområdet undervegs i planprosessen. Merknader og innspel ved planoppstart som angår planen sine løysningar eller som gjeld særlege behov merkast «170420, Røttingen - Hauge», og kan sendast til:

**Og Arkitekter as, Kanalveien 11, 5068 Bergen, eller e-post:
post@ogarkitekter.no**

Frist for merknader er sett til **15.02.2019**.

Planforslaget verte utarbeidd etter merknadsfristen. Alle mottatte innspel og merknader vil verte lagt med plansaka når ho vert sendt inn til Os kommune for sakshandsaming. Det er difor ikkje naudsynt å sende kopi til kommunen. Etter første gongs handsaming vil planen verte lagt ut til offentleg høyring i seks veker. Da vil det igjen vere mogleg å kome med merknad til sjølve planforslaget, før vidare politisk handsaming.

Spørsmål om planarbeidet kan rettast til Og Arkitekter AS ved Karen Reinholdtsen på karen@ogarkitekter.no.

Med beste helsing

Karen Reinholdtsen

Og Arkitekter AS
plan | urbanisme

Vedlegg:

1 Oversiktskart
2 Varslingskart